





Hol,



Ål,



Hemsedal,



Gol,



Nesbyen,



Flå.

# Retningslinjer for forvaltning av tilskot til tiltak i beiteområde

## 2020-2024



Til v.: sau på utmarksbeite i Hol (Foto: M.O. Furuseth),

til h. spenningsgiver på sperregjerde (Foto: Hol kommune, plan og utvikling).

Vedteke 03.03.20 av kommunal landbruksforvaltning i Hallingdal,

som sams administrativ avgjerd.

Revidert i jordbruksmøte 17.10.22

## Innhald

1. Innleiing .....	3
1.1 Tilskot til tiltak i beiteområde .....	3
2. utfordringar .....	3
3. Hovudmål for verkemiddelbruken .....	3
3.1 Tiltak som vert prioritert.....	3
3.1.1 Tiltak som ikkje vert prioritert .....	3
3.2 Tiltak som kan støttast .....	4
3.2.1 Investeringar i faste installasjonar og anna utstyr knytt til beitebruk i utmark .....	4
3.2.2 Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt.....	5
4. Forvaltning .....	6
4.1 Generelt.....	6
4.2 Behandling av aktivitetsbudsjett .....	6
4.3 Søknadsfristar .....	6
4.4 Krav til søkjar .....	6
4.5 Krav til søknad .....	6
4.6 Sakshandsaming .....	7
4.7 Vilkår.....	7
4.8 Arbeidsfrist.....	7
4.9 Utbetaling.....	7
4.10 Bindingstid .....	8
4.11 Kontroll .....	8
4.12 Attendebetaling .....	8
4.13 Klage .....	8
5. Satsar for eigeninnsats: arbeid, maskinkostnad.....	8

## **1. Innleiing**

### **1.1 Tilskot til tiltak i beiteområde**

Føremålet med tilskotet er å redusere tap av dyr på utmarksbeite, leggje til rette for å kunne nytte beiteområda best mogeleg, og fremje fellestiltak i beiteområda.

## **2. Utfordringar**

Med husdyr på beite i område der ulike brukargrupper har ulike interesser vert det stadig meir krevjande å drive aktiv beitenæring. Beiting føregår ofte i område der det er mange fritidsbustader og i terrenget der hyttefolket ferdast. Det gjer at det kan oppstå problem med til dømes uro, trafikk, mellombelse gjerde rundt hytter og laushundar. Samstundes er også tiltak knytt til sanering av skrantesjuka (CWD) på rein tyngande for beitenæringa i Hol, Ål og Hemsedal, der m.a. restriksjonar på bruk av saltstein har medført store utfordringar. Fysiske tiltak i beiteområde kan vera med på å styrke og fremje beitebruken i utmark, t.d. sanke- og skiljeanlegg og sperregjerde som hindrar at sau på utmarksbeite trekkjer ned mot tettbygde område / sentrumsområde. Samstundes skal me vera medvitne på dei utfordringane særleg sperregjerde kan medføre på lang sikt dersom ein ikkje sikrar ansvarstilhøve for ettersyn, vedlikehald og til slutt opprydding dersom det ikkje lenger er bruk for gjerdet.

## **3. Hovudmål for verkemiddelbruken**

### **3.1 Tiltak som vert prioritert**

Med bakgrunn i føremålet med ordninga vert følgjande tiltak prioritert:

- o Oppsetting av sperregjerde, dvs. gjerde som hindrar beitedyr i å kome ut av beiteområdet,
- o Investeringsiltak i beiteområda som sanke- og skiljeanlegg, sankefeller, rydding/utbetring av drifteveggar,
- o Investeringar i elektronisk overvakingsutstyr,
- o Elektroniske gjerde,
- o Ferister av godkjend fabrikat eller bygd etter standardteikningar,
- o Bruer dimensjonerte for føring av beitedyr,
- o Gjetarhytter/tilsynsbuer,
- o Transportprammar/båtar.

(tiltaka står i tilfeldig rekkefølge)

#### **3.1.1 Tiltak som ikkje vert prioritert**

- o Det kan ikkje gis tilskot til investeringsiltak og /eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområder som er leigd for ein periode mindre enn 10 år.

- Det kan ikkje gis nytt tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for gjetarhytter /tilsynsbuer og 15 år for faste installasjonar.
- Søknad om tilskot skal avslås dersom arbeidet med investeringstiltaket er påbyrja før søknaden er handsama.

### 3.2 Tiltak som kan støttast

Følgjande tiltak kan støttast jf. § 3 Forskrift om tilskudd tiltak i beiteområde:

#### 3.2.1 Investeringar i faste installasjonar og anna utstyr knytta til beitebruk i utmark

Tilskot kan gjevast med inntil 50 % av godkjend kostnadsoverslag for investeringstiltak / faste installasjonar. Ved innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr og elektroniske gjerde kan det gjevast tilskot med inntil 70 %, avgrensa til maksimalt halvparten av tal husdyr i sankelaget/beiteområdet/buskapen.

Ulike typar faste og mobile investeringstiltak kan vere (lista er ikkje fullstendig på grunn av teknologisk utvikling mv.):

Sperregjerde:

- Eit sperregjerde skal hindre beitedyr i å kome ut av beiteområdet. Sperregjerde kan også tene til å avgrense beiteområde mot veg, jernbane, tettbygde område og/eller samanhengande jordbruksområde.
- Rein inngjerding av beitedyr i utmark fell ikkje inn under definisjonen av sperregjerde, og tilskot skal vanlegvis ikkje gjevast til dette. Det skal heller ikkje gjevast tilskot til gjerde mellom innmark og utmark som fell inn under Lov om grannegjerde, t.d. gjerde som går i eigedomsgrenser.
- Det skal brukast jordfaste trestolpar, metallstolpar bora ned i berg eller fjellfeste for trestolpar. Gjerde skal vere ufarleg for både husdyr og vilt. Det skal brukast eigna netting eller høveleg tal elektriske trådar med tilstrekkeleg spenning. Det kan stillast vilkår om gjerdeklyv i stiar, tilsyn og om å leggje ned netting/straumtrådar utanom beitesesongen.
- Der sperregjerde går over andre eigarar sin grunn skal det leggjast fram skriftleg avtale mellom tiltakshavar/-arar og grunneigar. Av avtalen skal det gå fram kva eigedom som har ansvar for ettersyn, vedlikehald og til slutt opprydding dersom det ikkje lenger er bruk for gjerde.

Investeringstiltak i beiteområda som:

- Sanke- og skiljelegg,
- Sankefeller
- Rydde / utbetre drifteveggar
- «Godkjende» saltsteinsautomatar / saltekasser.

Elektronisk overvakingsutstyr (radiobjøller, GPS-bjøller, lammenodar, dronar mv.):

- Tilskot kan berre gjevast til innkjøp av utstyr. Årleg drift av utstyr/abonnement/lisensar utløyser ikkje tilskot.

- Radiobjøller og GPS-bjøller til sau og storfe på utmarksbeite, avhengig om det er dekning for GSM mobilnett, eller om ein må ha system basert på satellitt.
- Det vert opna for å gje tilskot til innkjøp av drone, men avgrensa til sankelag og beitelag som har storparten av beitedyra på fjellbeite (< 30 % skog). Luftfartstilsynet har eige lovverk for kommersiell bruk av drone. Det inneber at brukar av slikt utstyr må ha lovpålagte kurs og sertifikat/lisens. Kopi av sertifikat/lisens må liggje ved søknaden. For å få tilskot til innkjøp av drone er det eit vilkår at tilskotsmottakaren seier seg viljug til å hjelpe andre som leitar etter beitedyr mot rimeleg godtgjersle.

#### Elektronisk gjerde

- Det kan vere aktuelt å gje tilskot til innkjøp av NoFence e.l. til husdyr som beiter i utmarka.

#### Ferister

- Må vere av godkjend fabrikat eller bygd etter standardteikningar. Det kan gjevast tilskot til vanlege ferister med grop eller elektriske ferister.

#### Bruer

- Det kan gjevast tilskot til bruer som er dimensjonerte for føring av beitedyr. Det kan stillast krav til byggjemåte. Dersom bruene er kraftigare dimensjonert kan kostnadsoverslag eller andel av tilskot reduserast tilsvarande.

#### Gjetarhytter /tilsynsbuer

- Det kan berre gjevast tilskot dersom det er dokumentert trong for dette, naudsynte avtalar og byggeløyve er gjeve. Gjetarhytta/tilsynsbua skal ha enkel standard og vera under 20 m<sup>2</sup> . Kostnadsoverslag for gjetarhytter/tilsynsbuer kan maksimalt lagast med ein kvadratmeterpris som svarar til gjennomsnittleg kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området

#### Transportprammar /mindre fraktebåtar

- Må vere naudsynte for å frakte beitedyr og gjetarar til/frå utmarksbeite.

### **3.2.2 Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt**

Tilskot kan gjevast med inntil 70 % av godkjend kostnadsoverslag for planleggings- og tilretteleggingsprosjekt. Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan vere ulike typar prosjekt med føremål å organisere og leggje utmarksbeita til rette for god og effektiv beitebruk. Det kan m.a. omfatte:

- Planlegging og prosjektering av faste installasjonar,
- Prosjektretta arbeid for stimulering til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita,
- Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan bidra til effektiv og god beitebruk,
- Utarbeide planar (tiltaksplan, beredskapsplan mv.) for utmarksbeite,
- Vegetasjonskartlegging

## 4. Forvaltning

### 4.1 Generelt

Forvaltning av tilskot til tiltak i beiteområde er frå 01.01.20 overført frå Fylkesmannen til kommunane.

Kommunen gjer vedtak om tilskot, kontrollerer og utbetaler.

Rundskriv 2019 - 45 Forvaltning av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder og Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder av 10. mars 2017, skal leggjast til grunn ved handsaming av søknader og prioritering av tilskot. Kommunane skal lage lokale retningslinjer for ordninga.

### 4.2 Handsaming av aktivitetsbudsjett

Kor mykje pengar som trengst påfølgjande år vert vurdert administrativt kvar haust, og registrert i fagsystemet Agros. Fylkesmannen tildeler så tilskotsramme etter samla vurdering.

### 4.3 Søknadsfristar

Søknadsfrist i Hol, Ål, Hemsedal, Gol, Nesbyen og Flå er 15. februar kvart år. Dersom det er pengar att etter tildeling, kan kommunane i fellesskap fastsetje ny søknadsfrist tidleg om hausten.

### 4.4 Krav til søkjar

Tilskot kan gjevast til sankelag og beiteområder/beitelag der ein driv beitebruk i næring. Det vil seie at husdyra går på utmarksbeite minst så mange veker som minimumskravet for tilskot til utmarksbeiting i regelverket for produksjonstilskot, og at meir enn halvparten av medlemmene i laget har rett til å søkje produksjonstilskot.

Tilsvarande kan tilskot gjevast til enkeltpersonføretak som har rett til produksjonstilskot, men der det på grunn av naturgjevne eller driftsmessige tilhøve likevel ikkje ligg til rette for samarbeid.

Bakgrunnen for dette er strukturendringane i landbruket, samt at kommunane i Hallingdal er svært ulike med tanke på type beiteområde og beiteintensitet.

### 4.5 Krav til søknad

Det skal søkjast elektronisk via Altinn jf. skjema som ligg på følgjande lenke:

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-tiltak-i-beiteomrader/>

Ved faste installasjonar skal tiltaket vere teikna inn på kart som følgjer søknaden. Opplysningar om husdyr i beiteområdet, tiltaksskildring, kopi av avtaler/løyver og planar som gjeld beitebruken i området (tiltaksplan, beredskapsplan, beitebruksplan mv.) er relevante vedlegg for nokre tiltak.

Søknaden skal vidare innehalde kostnadsoverslag og finansieringsplan. Meirverdiavgift (MVA) kan inngå i kostnadsoverslaget dersom mottakar av tilskotet ikkje har frådragsrett for MVA. Dersom mottakar er registrert i MVA-registeret (omsetning over 50 000 kroner/år) skal MVA ikkje inngå i kostnadsoverslaget.

Det skal primært søkjast via Altinn, men dersom det ikkje let seg gjere finst søknadsskjemaet også på papir på Landbruksdirektoratet sine nettsider: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/tiltak-i-beiteomrader/hvordan-soke/skjema>

#### **4.6 Sakshandsaming**

Tiltaka skal vurderast etter:

- Gjeldande lovverk for ordninga og lokale retningsliner for tilskotsordninga,
- Naturmangfoldlova sine prinsipp, Kap. II, § 8 til 12,
- Eksterne mynde sine høyringsuttaler ,

Ein må følge gjeldande nivå for tilskotet regulert i forskrift, samt retningslinene for ordninga, men det kan justerast avhengig av tildelinga gjeldande år.

Søknadene må også vurderast i høve til om dei er med på å nå dei overordna måla for beitebruk i utmark, som er fastsett i retningslinene for ordninga. Det er høve til å fordele tilgjengeleg tilskotsramme mellom søknader basert på individuelle vurderingar av desse. Det vil seie at ingen søkjar har krav på å få tilskot.

Kommunen må sikre at tiltak det blir gjeve tilskot til ikkje er i strid med anna lovverk. Der det ligg føre relevante godkjente planar bør tiltaka som vert prioritert vere i samsvar med planane.

#### **4.7 Vilkår**

For tilskot til faste installasjonar er det ein føresetnad for tildeling av tilskot at det er innhenta løyve eller avtale med grunneigarar eller andre som har rettar i aktuelle beiteområder, og som kan tenkjast å verte omfatta av tiltaket.

#### **4.8 Arbeidsfrist**

Frist for gjennomføring av investeringstiltaket og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjektet er tre år frå tilskot vert løyvd, med mindre kommunen har sett ein kortare frist i vedtaket. Kommunen kan etter søknad forlengje gjennomføringsfristen med eitt år om gongen, men ikkje ut over fem år frå tilskotet er løyvd.

#### **4.9 Utbetaling**

Delutbetaling kan skje med inntil 75 % av tilskotsbeløpet på grunnlag av godkjend dokumentasjon for kostnader fram til då. Minst 25 % av tilskotsbeløpet skal stå att til tiltaket er fullført og kommunen har godkjend utført tiltak og godkjend dokumentasjon på kostnadene. Søkjar må sende skriftleg oppmoding om å få utbetalt tildelt tilskot. Ved sluttutbetaling vil kommunen vanlegvis gjennomføre ei synfaring. Godkjend dokumentasjon vil normalt vere kopi av betalt faktura for innkjøp av material/utstyr eller kopi av betalt faktura frå entreprenør eller annan oppdragstakar. Eige arbeid må dokumenterast med timelister. Dersom kostnadene for å gjennomføre tiltaket vert høgare enn det som vart lagt til grunn for vedtaket, er utbetalinga likevel avgrensa til tildelt tilskot. Dersom kostnadene vert lågare enn føresett ved tildeling, skal tilskotsbeløpet reduserast tilsvarande i høve til andelen tilskot som vart tildelt basert på opphavleg kostnadsoverslag..

#### **4.10 Bindingstid**

Det kan ikkje gjevast nytt tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for gjetarhytter/tilsynsbuer og 15 år for faste installasjonar i beiteområde. Det skal setjast tidsfesta vilkår ift. vedlikehald, tilsyn, å leggje ned og ev. fjerne sperregjerde so langt det er naudsynt i kvart enkelt tilfelle.

#### **4.11 Kontroll**

Kommunen kontrollerer at utbetalingar av tilskot er rett og skal ha tilgang til all bokføring, korrespondanse og oppteikningar som vedkjem tilskotet. Det kan krevjast at opplysningane vert stadfesta av revisor.

Kommunen kan foreta kontroll på staden i tillegg til kontroll av dokumentasjon/rekneskap.

#### **4.12 Attendebetaling**

Vedtak om løyvd tilskot kan gjerast om, og utbetalt tilskot kan krevjast attendebetalt, dersom det vert funne tilhøve som er i strid med føresetnadene den gongen tilskotet vart løyvd. Dersom attendebetaling ikkje skjer innan fristen som vert gjeve, kan det krevjast forseinkingsrenter i tillegg, jf. lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.m.

#### **4.13 Klage**

Kommunen sitt vedtak kan klagast på til fylkesmannen etter lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker kapittel VI (forvaltingslova). Skriftleg klage vert å sende til kommunen.

Kommunen kan i særlege høve dispensere frå §§ 2 og 3 i forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde.

### **5. Satsar for eigeninnsats: arbeid, maskinkostnad**

Kommunane i Hallingdal legg følgjande satsar til grunn for godkjenning av kostnadsoverslag:

o Eigeninnsats:

- Arbeid: Tilsvarende taksten Innovasjon Norge nyttar, for tida 350 kr/time.
- Person med traktor/maskin: Tilsvarende lågaste takst for arbeid med traktor/maskin som Norsk Landbruk publiserer på sine nettsider årleg.